

Birkebeinerrittet 2010 - Invitasjon til felles busstransport frå Voss

Voss Sykleklubb og BergenCK har i ei årrekke skipa til felles busstransport til Birkebeinerrittet. Buss med sjåfør vert i år truleg leigd av Tide på Voss. Bussen tar 17 passasjerar med bagasje og sykklar.

Me reiser frå Skulestadmoen, Voss, fredag den 27. august **kl. 09:00**. Undervegs vert det stopp på Fagernes der me tar pause og et middag. Er framme på Rena om ettermiddagen. Retur frå Lillehammer den 28. august. Bussen returner når alle som er med er komne i mål og er klare til heimreise. Tilbake på Voss ca. kl. 24:00.

Til og frå Voss må me som bur i Bergen ordna oss med eigen transport.

Det er plass til 17 sykklar i bussen. Pris tur-retur ca. kr. 1.215,-.
Det er pr. i dag, 21. april, 5 ledige plassar.

Ynskjer du å vera med så ta snarleg kontakt. Her gjeld det ”fyrst til mølla....”
Du kan nå meg på telefon 91 60 88 51 eller send meg ein mail:
sihuu@innovasjon norge.no

Med helsing

Sigbjørn John Huun
BergenCK